



# HORNINDAL KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Planutvalet	12.12.2013	021/13	SH

Saksansvarleg: Ståle Hatlelid	Arkiv: L12 Objekt:	Arkivsaknr.: 13/134 - 16
-------------------------------	-----------------------	-----------------------------

### Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - utlegging til offentlig ettersyn

#### Sakstilfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	S	18.02.2013		Reguleringsplan for mellombels massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - vedtak om oppstart av planarbeid
2	U	11.03.2013	Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; Jon Ivar Gausemel; Norges vassdrags- og energidirektorat; Reidar Jarle Støverstein; Sogn og Fjordane Fylkeskommune; Stranda kommune; Trond Tafjord; Tor Odd Kjellstadli	Fjordingen
3	U	26.06.2013		Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - varsel om oppstart av planarbeid
4	I	03.07.2013	Norges vassdrags- og energidirektorat	Innspel til oppstart planarbeid - Reguleringsplan for massedeponi og riggplass - GBnr 196/3 - Hornindal kommune
5	I	08.07.2013	Jon Ivar Gausemel	Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - varsel om oppstart av planarbeid
6	I	11.07.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune. Fråsegn til melding om oppstart
7	U	16.07.2013	Karl Johan Tronstad; Statens vegvesen;	Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - forseinka varsel om oppstart av planarbeid
8	I	30.07.2013	Jon Ivar Gausemel	Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - varsel om oppstart av planarbeid
9	I	13.08.2013	Statens vegvesen	Forseinka varsel om oppstart av planarbeid - Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune -

10	I	15.08.2013	Møre og Romsdal Fylkekommune	Hornindal kommune Hornindal kommune - detaljregulering - reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - fråsegn til varsel om oppstart
11	U	27.08.2013	Statens vegvesen	Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - oversending av innkomne merknader til varsel om oppstart av planarbeid
13	I	29.08.2013	Stranda kommune	Reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområde mot Stranda kommune
12	I	30.08.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til varsel om oppstart av reguleringsplan for massedeponi og riggplass på Støverstein, gbnr 196/3 i Hornindal kommune
15	I	07.11.2013	Statens vegvesen	Reguleringsplan for mellombels massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - Hornindal kommune
14	I	07.11.2013	Statens vegvesen	Reguleringsplan for mellombels massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune - Hornindal kommune

- *Plan- og bygningslova*
- *Forskrift om kart, stadfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister*
- *Forskrift om konsekvensutredninger*
- Eigengodkjent kommunedelplan for ny fylkesveg 60 - Storebrua v/ Tomasgard til området ved Røyarhusbrua, for den del som ligg i Hornindal kommune.
- Utkast til reguleringsplan for massedeponi og riggplass i grenseområdet mot Stranda kommune, datert 01.11.2013.

## Saka gjeld

På vegne av Hornindal kommune fremjar Statens vegvesen, Region midt, reguleringsplan for mellombels lagring av sprengstein på Støverstein, i grenseområdet mot Stranda kommune. Reguleringsplanen omfattar eit område på ca. 50 daa. av eigedommen til Jon Ivar Gausemel, og området vil mellombels kunne nyttast både som riggområde, og som deponiområde for tunnelmasse frå Ljøttunnelen.

I første omgang skal planutvalet ta stilling til offentleg utlegging av planen.

## Bakgrunn

Føremålet med reguleringsplanen er å sikre mellombels lagerplass for tunnelmasse frå byggjesteg 3 Røyr – Hellesylt (Ljøttunnelen) i eit eigna område – for seinare (snarast råd) å kunne nytte massen til bygging av ny fylkesveg 60 på strekninga Tomasgard - Røyarhus bru. Oppstart av arbeidet på Ljøttunnelen er planlagt til våren 2014, og Statens vegvesen ynskjer difor at «...kommunen prioriterer planprosessen og får planen godkjent i løpet av vinteren 2014.»

## Planprosessen

Oppstart av planarbeidet vart annonsert i avisa Fjordingen i juni 2013. I tillegg vart alle berørte partar og naboar varsla i eigne brev.

Etter oppstartvarselet kom det innspel/ tilbakemelding til planarbeidet frå:


- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Norges vassdrags- og energidirektorat NVE
- Statens vegvesen, Region vest
- Jon Ivar Gausemel

Statens vegvesen har vurdert innspela, og for dei som har direkte verknad for utforminga av planen er dette omtala i sjølve plandokumentet, eller det er lagt klare føringar for korleis påpeika utfordringar skal løysast gjennom ytre miljøplan/ byggjeplan for prosjektet. Dette gjeld m.a. innspelet frå NVE om at arealbruken ikkje må redusere vernestatusen til Hornindalsvassdraget.


Reguleringsplanen er elles utarbeidd som detaljregulering etter § PBL 12-3, og viser tiltaket og bruken av dei areala som blir berørt.

## Tilhøve til overordna arealplanar

Reguleringsplanen for mellombels massedeponi og riggområde på Støverstein ligg innafør planområdet til kommunedelplan for ny fylkesveg 60, og det er også sett i gong arbeid med reguleringsplan for fylkesvegen frå fylkesgrensa - til Tomasgard.



*Planområdet vist på utsnitt av kommunedelplan for ny fv. 60*



*Utsnitt av reguleringsplan for riggområde og massedeponi på Støverstein*

## Planinnhald

Størsteparten av det regulerte området er sett av til mellombels riggområde og massedeponi for lagring av ca. 300.000 m<sup>3</sup> sprengstein, og på reguleringsplanen er arealbruken delt inn i følgjande føremål:

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- Landbruks-, natur- og friluftsområde
- Omsynssoner
- Områdeføresegner

Verknadene av planforslaget er vurdert i høve til:

- Trafikkale tilhøve
- Naboskap
- Landskap
- Grunntilhøve
- Nærmiljø
- Friluftsliv
- Naturmangfald
- Kulturmiljø
- Naturressursar
- Støy

Sjølv om det kan påreknast både støy og støvplager for naboskapet konkluderer planen med at miljøulempene er små, men at det vil bli gjort nærare vurderingar av eventuelle støytiltak i byggjefasen. I og med at massedeponiet er av mellombels karakter er konklusjonen elles at tiltaket vil ha små konsekvensar for dei andre tilhøva som er vurdert.

Det er vidare brukt ei sjekklister (utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal) for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga, og der det er konkludert med at «... tiltaket i seg sjølv ikkje medfører større fare enn det som kan akseptast.»

Ut over dette er det ikkje «.... Identifisert kommunale eller næringsmessige interesser som vil bli negativt berørt av planforslaget.»

## **Drøfting**

Samfunnsøkonomisk er det god ressursutnytting å kunne bruke sprengstein frå tunellarbeidet på Ljøen til bygging av ny fylkesveg 60. Rett nok er det i denne omgang berre snakk om reguleringsplan for deponi- og riggområde for steinmassane, men når reguleringsplanen for fylkesvegen er eigendokkjent og løyvingane er på plass - ligg alt godt til rette for å starte vegbygginga.

Rådmannen registrerer elles Statens vegvesen sitt ynskje om ein rask planprosess, og med eit avgrensa planområde og ein velvillig grunneigar skulle det meste liggje til rette for at dette ynskje kan imøtekomast. Likevel vil rådmannen understreke at massedeponiet på Støverstein er av mellombels karakter, og at tida frå etablering – til fjerning av massetaket må gjerast kortast mogeleg. Dette både av omsyn til raskast mogeleg realisering av ny fylkesveg, og av omsyn til grunneigaren og naboskapet.

Planen synest vere godt igjennom arbeidd, med sjekklister for ei rekkje tilhøve, og etter rådmannen si vurdering tilfredsstillende plandokumentet plan- og bygningslova sine krav.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Med heimel i *PBL* § 12-11 vert detaljert reguleringsplan for mellombels rigg- og deponiområde på Støverstein, lagt ut til offentlig ettersyn.
2. Deponiområdet skal nyttast til lagring av sprengstein frå Ljøttunnelen i Stranda kommune.
3. Evt. merknader som planutvalet måtte ha til planinnhaldet (utover det som er omtala i denne saksutgreiinga) vert å ta opp etter avslutta høyringsperiode, dvs. ved 2. gongs handsaming av saka.
4. Planen vert å kunngjere i samsvar med plan- og bygningslova sitt regelverk.

Ann Kristin Langeland/s.  
- rådmann -

### **12.12.2013 PLANUTVALET**

#### **PLAN-021/13 VEDTAK SAMRØYSTES:**

1. Med heimel i *PBL* § 12-11 vert detaljert reguleringsplan for mellombels rigg- og deponiområde på Støverstein, lagt ut til offentlig ettersyn.
2. Deponiområdet skal nyttast til lagring av sprengstein frå Ljøttunnelen i Stranda kommune.
3. Evt. merknader som planutvalet måtte ha til planinnhaldet (utover det som er omtala i denne saksutgreiinga) vert å ta opp etter avslutta høyringsperiode, dvs. ved 2. gongs handsaming av saka.
4. Planen vert å kunngjere i samsvar med plan- og bygningslova sitt regelverk.

**Kopi til:**  
Sakshandsamar for vidare arbeid

Hornindal, den 16.12.2013

Anne Elin Ekornesvåg  
- Sekretær -